



Norsk institutt for vannforskning

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1632 - 19/19090

Saksbehandlar:

Andreas Granli

Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:

19.06.2019

Søknad om løyve til å lande med helikopter i perioden 15.09-01.12-2019 - Svar på søknad

NIVA skal undersøke landets vassressursar. Om lag 1000 innsjøar i heile Noreg skal undersøkast. 3 innsjøar i Lindås kommune er ein del av undersøkinga, sjå tabell under. Undersøkinga er ein del av eit større arbeid og oppfølging av prøver tatt i 1995.

NIVA innsjøkode	Innsjønamn	NVE vatn nr	UTM nord	UTM aust	UTM-soner
1263-2-33	Hundvensvatnet	26327	6731567	294752	32
1263-2-36	Sandvikavatnet	26376	6725328	300485	32
1263-3-10	Husdalsvatnet	26346	6729122	308694	32

Niva samarbeider med Helitrans om oppdraget. Selskapet har god erfaring frå slike oppdrag tidligare. NIVA skriv i søknaden at det vil bli tatt omsyn til vilt og natur.

Lindås kommune har vurdert søknaden etter *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag*(motorferdsellova) og *Lov om forvaltning av naturens mangfold*(naturmangfaldlova).

Vassprøvene skal takast frå helikopter. Helikopteret skal ikkje lande, men gå ned til vassoverflata der vassprøvene vert tatt med eigna utstyr. Slik flyging/prøvetaking er likestilt med landing og skal handsamast som ein dispensasjon frå *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag*.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Det er ikkje kjende registreringer lokalt av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Vedtak

NIVA og samarbeidspartner Helitrans får dispensasjon frå motorferdsellova med heimel i § 6. Dispensasjonen gjeld vassprøvetaking i Hundenesvatnet, Sandvikvatnet og Husdalsvatnet, sjå tabell i saksutgreiinga. Løyvet er gyldig frå 15.09.19 til 01.12.19.

Med helsing

Andreas Granli

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Norsk institutt for vannforskning